



OG ARKITEKTER AS

Postboks 23

5819 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7741 - 15/27454

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

04.09.2015

## Løyve til igangsetting - Grunnarbeid og utvendig VA - gbnr 188/770, 771, 793 Langheiane B7

**Administrativt vedtak. Saknr: 354/15**

**Tiltakshavar:** Orion Prosjekt AS

**Ansvarleg søkjar:** OG ARKITEKTER AS

**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av grunnarbeid og utvendig VA, samt uteområde, i samband med oppføring av 3 bustadblokker med felles garasjeanlegg på eigedom gbnr. 188/770 mfl.

Kommunen har i vedtak av 21.07.15 gjeve rammeløyve på vilkår.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.08.15.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 17.08.15 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

Det ligg føre godkjenning av VA-rammeplan jf. e-post frå Teknisk drift datert 17.08.15 stadfesta 24.08.15

### Til informasjon

Teknisk drift har i uttale datert 08.07.15, med omsyn til byggesak for felt B6, uttalt følgjande;

**(....)Snuhammar i kommunal veg:**

*Teknisk drift har sett på snuplass i enden av regulert kommunal veg der det skal etablerast tilkomst til garasje på gbnr 188/770. Snuplass bør være utforma som T-hammar, (...) Areal avsett som snuareal er dimensjonert for kjøretøytype P. Snuarealet er ikkje utforma som T-hammar. Større kjøretøy, som til dømes bussbil og brøytebil med brøyteskjær (med bredde opp mot 3,10m), vil få*

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567

Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



*problem med å snu på dette arealet. Krysset skal være dimensjonert med snuhammer for kjøretøytype LL eller L.(....)*

Jf. uttale frå Teknisk drift datert 08.07.2015 må det opparbeidast ein snuhammer for at kommunen skal kunne ta over drifta av vegen som er regulert som o\_KV når området er ferdig utbygd. Denne snuhammaren er ikkje innregulert.

Vi gjer merksam på at byggesak ikkje har heimel til å krevje snuhammaren bygd. Opparbeiding av snuhammer ved nedkøyring til parkeringsgarasje felt B7 vil krevje dispensasjon frå formålet i planen.

Vi ber dykk ta kontakt med Teknisk drift for avklaring med tanke på framtidig overtaking av regulert offentlig veganlegg.

Følgjande felles anlegg er godkjent i rammeløyve med omsyn til felt B6 i arkivsak 14/7672, administrativt vedtak saknr. 301/15, datert 09.07.15;

(....)utvendig parkeringsplass felles med felt B7/gbnr 188/770,(....)interne fellesvegar, opparbeiding av felles leikeplass,(...) offentlig sti og gangveg gjennom planområdet. (...)

**Vi vurderer det slik at evt. søknad om dispensasjon for opparbeiding av T-hammar som skildra ovanfor kan fritakast frå nabovarsling, vi finn det og naturleg at dette vert løyst gjennom sak 14/7672 i samband med RA og framtidig søknad om IG for felles anlegg, så fram utbyggjar av felt B6 og B7 er samde om det.**

VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a vert det gjeve løyve til igangsetting av grunnarbeid og utvendig VA samt uteområde. Løyve gjeld for eigedom gbnr. 188/770 mfl., felt B7. Løyve er gjeve på følgjande vilkår:**

1. Rammeløyve av 21.07.15 med vilkår og ansvarsrettar gjeld for tiltaket.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. §§ 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) / 23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TTKL.	ANSVAR SOMRÅDE
PRO					
	Haugen VVA AS	911 566 664	S	2	Veg-, vann-, avløp- og grunnarbeider
UTF	Lindås Rør og Sanitær AS	935 347 920	S	2	Utvendig VA-anlegg vassledning, SPV og OV
	Rune Nordahl Entreprenørforretning AS	962 071 228	S	1	Grunn og terrengarbeidet
	ANKO AS	980 538 613	S	1	Plassering/utstikking av bygg i marken og kontroll utførelse, innmåling grunnmur.

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er ein føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7741

#### Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

#### Bortfall av løyve

*Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

#### Avfall

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

#### Ferdigstilling

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.*

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkøyrse.
- Avkøyrse til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
- Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

#### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt sakshandsaming – IG	1 * 2.900,-	Kr. 2.900,-
10.2.9 a	Godkjenning av ansvarsrett, sentralgodkj.	4 * 1.000,-	Kr. 4.000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr. 6.900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

#### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Tor Hegle  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Kopi til:

ORION PROSJEKT AS

Nesttunvegen 111 5221

NESTTUN

#### Mottakarar:

OG ARKITEKTER AS

Postboks 23 5819

BERGEN